

## UT 04/16: Nåde og misjon

Kyrkja handlar om å tene Gud og menneske og å være en del av det store fellesskapet. Dette fellesskapet har fått eit oppdrag: å bringe evangeliet vidare, i ord og handling – lokalt og globalt. Dette kallar vi misjon. Misjon er ikkje berre å reise ut i andre land og evangelisere, men også å skape gode relasjonar til Jesus i lokalmiljøet.

Vi meiner at misjon er noko alle dei truande i kyrkja er kalla til i kraft av dåpen. Ungdommens kirkemøte sa det slik i 2010: "Slik vi blir døpt på grunnlag av dåps/misjonsbefalingen slik blir vi også døpt til selv å ta del i den. Vi har som kristne en identitet som personer som er sendt." (UKM 03/10) Misjon lever vi ut i samhandling med andre menneske og samhandling med Gud. Ein driv misjon i alt ein gjer, i dei nære relasjonar med vener og familie, på skulen, i sosiale medier og når ein møter nye menneske. Anten den kristne er bevisst på det eller ikkje, vil alltid den ein er og hva man sier, hva man gjør eller ikke gjør, gir andre menneske eit bilde av kven Gud er. I dag forstår vi misjon som evangelisering (å bringe evangeliet vidare i ord), diakoni (å bringe evangeliet vidare i handling) og dialog. Det vi tenkjer er viktig å fokusere på når vi skal nå ut til menneske, spesielt ungdom, er å vise Guds kjærleik ved handling (diakoni). (Kirkemøtesak 07/12)

Ungdom kan lett bli skremde når dei blir møtt med store ord og uforståeleg "Jesus-snakk". Vi trur at ungdommar lettare får gode relasjonar til Jesus og hans nåde når ein først skapar eit godt miljø med trygge rammer. Difor oppfordrar vi å halde ungdomsklubbar eller kristne møtestadar kor hovudfokuset er å danne eit godt fellesskap. På den måten kan ungdommar bli kjende med kristendommen på ein uformell og avslappa måte. Vi trur det ligg noko i å fyrst endre haldningane til kristendomen, slik at det vert lettare for ungdom å ta del i "kristen-pratet". På den måten kjem det lettare for dei å ta til seg det som vert evangelisert om Jesus i dei kristne miljøa. Dette må skje på en respektfull og likeverdige måte. Vi kan være tydleige på egen ståsted utan å presse oss på andre. Vi trur det ikkje kjem noko godt i å presse ungdom, men heller å møte dei i deira miljø og vise ved handling nåden Gud har gjeve oss.

For at det skal bli danna slike kristne miljø, er det viktig at nokon lagar dei. Dette trur vi at ungdom er godt skikka til, for ved ansvar føler dei at dei kan bidra i fellesskapen. Ungdom kan ofte ha litt låge tankar om kva dei har å bety i det store kristne biletet, så ved å gje dei ansvar trur vi at dei får brukt sine potensial til mykje godt. Til dette treng vi også vaksne til å få dette i gong.

I fleire distrikt er det lite kristne miljø for ungdom å dela i. Det er store potensial, særleg i distrikta til å få i gong arrangement som KRIK, speider, klubbar og liknande. Vi trur at grunnen til at det enkelte stadar ikkje er mykje for ungdom å vere med på, har med initiativ å gjere. Det er viktig at det vert tatt initiativ, for utan dette vert det ikkje danna noko kristne miljø. Ofte er det folk som kunne tenka seg å ta del i slike, men det vert ikkje til om ingen startar det opp.

For å forstå kva nåde er, trur vi det er viktig å vise nåde ved handling. Ved å vise at Guds kjærleik er gratis, kan det vere lurt å gjere gode ting mot folk og få fram at ein vil vise

Guds kjærleik. Dette kan for eksempel vere i form av arrangement som GODHET, gratis vaffelutdeling eller liknande. På denne måten lagar ein god stemning, og gjev plass for kristen dialog eller berre ein kosleg prat. Uansett om det fører til evangelisering eller ikkje, er dette ein god måte å vise godleik og gratis kjærleik. Vi trur dette kan ha ein positiv dominoeffekt som sprer seg i samfunna.

### **Kva er nåde, og korleis drive misjon med nåde?**

Nåde er eit ord ein ikkje brukar så ofte i vårt daglege språk for tida. Difor kan det til en viss grad vere vanskeleg å få heilt tak på kva det er. Ordet nåde kjem frå latin og betyr gratis. I kyrkjelege samanhengar relaterer ein ofte ordet til Guds forhold til oss, om Guds kjærleik til oss. Gud viser oss nåde i kjærleik og det tydelegaste teiknet på dette var at han sende Sonen sin til jorda og døydde og stod opp for oss. Det betyr at vårt forhold til han ikkje baserer seg på våre gode gjerningar, "vi er frelste av nåde". Trua vår vert oppretthalden av Guds makt og kjærleik. Samstundes er vi utfordra til å leve ut denne trua i kvardagen – når vi deler vår tru med andre (evangeliserer) og gjer gode gjerningar mot og for kvarandre (diakoni). For dette er vårt oppdrag: å fortelje om trua og handle til det beste for våre medmenneske. Fordi vi er blitt møtte med tilgjeving og nåde av Gud, skal vi gi dette vidare til andre menneske – heilt gratis.

Å drive misjon preget av nåde vil altså seie at vi gir budskapen om Den treeinige Gud vidare til andre menneske i kjærleik – i ord og handling – heilt gratis. Å drive misjon prega av nåde handlar om å elske våre medmenneske slik vi er elskta av Gud; som dei vi er.

Ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme meiner at:

1. Misjon er noko vi kan gjere overalt. Ein kan dra ut i verda, ut på bygda, inn i byen, på leir, festival eller i bursdagsbesøk og det vi seier og gjer kan gje andre eit bilde på kven Gud er – i ord og handling.
2. Misjon skal drivast i nåde, noko som betyr at vi ikkje skal vere opptekne av å dømme andre menneske, men gje budskapen om Den treeinige Gud vidare heilt gratis – lokalt og globalt – på same måte som Gud ga seg sjølv til oss i dåpen.
3. For at ungdom skal bli kjent med Guds nåde må ein fyrst danne ein trygg og inkluderande fellesskap. Då gjer ein det lettare for at fleire får med seg den gode budskapen om Guds kjærleik.
4. Ungdom kan bli mykje meir inkluderte i danning og styring av kristne aktivitetar/klubbar, fordi det gjer terskelen lågare for at fleire ungdom kan delta.
5. Initiativ er viktig å fokusera på. Ofte har ein folk som kan bidra, men ingen kristne fellesskap vert til om nokon ikkje tar ansvar og startar det opp.